

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 11/2007

Møtedato: 14.3.07

Arkiv nr:

## **Småviltjakt**

Fjellstyret vurderer årleg ordninga for sal av jaktkort for småviltjakt etter uttale frå Vestre Slidre jeger- og fiskarlag.

Vestre Slidre jeger- og fiskarlag skriv i uttale datert 12. mars at dei støttar gjeldande reglar.

Nokre utanbygds jegerar har kontakta fjellstyret for å få lov til å drive revejakt. Vestre Slidre jeger- og fiskarlag har også søkt om løyve til slik jakt i samband med kurs i revejakt, sak 06/07.

## **Vedtak:**

Fjellstyret vedtek å halde fram same jaktkortordning som i 2006, men med den endring at det blir opna for kortsal til utanbygds jegerar som deltek i revejakt organisert gjennom Vestre Slidre jeger- og fiskarlag.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 15.3.07

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre jeger- og fiskarlag